

## Rutine for mindre reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14.

Informasjon om reguleringsendring ved forenkla prosess, tidlegare kjent som mindre endring/mindre vesentleg reguleringsendring.

Sist endra 29.11.2022

Reguleringsendringar følgjer i utgangspunktet same reglar som ved utarbeiding av detaljregulering. For nokre reguleringsendringar er det lagt opp til ein enklare prosess, etter [plan- og bygningsloven § 12-14](#). Dette gjeld endringar som:

- *i liten grad elles vil påverke gjennomføringa av planen*
- *ikkje går utover hovudrammene i planen*
- *og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde*

Om saka kan handsamast som mindre reguleringsendring avklarast i møte med utviklingsavdelinga. Kommunedirektøren har mynde til å gje løyve til å starte arbeidet.

Før søknaden vert sendt til kommunen skal forslagsstilla sende planlagt reguleringsendring til uttale til eigarar og festalar av eigedomar som vedtaket direkte vedkjem og andre partar som saka gjeld (nabovarsel). Frist for uttale vil normalt vere 3 veker.

Søknaden som sendast til kommunen skal innehalde følgjande:

- Namn på reguleringsplan som er ynskje om å endre
- Søknad (tekst med beskriving av kva som er ynskje om å endre i plankart og/eller føresegner– med grunngjeving)
- Revidert plankart og føresegner(den originale føresegna skal reviderast)
- Kart - situasjonsplan, illustrasjon av eventuell endring i plankart
- Kopi av nabovarsel
- Liste over mottakarar av nabovarsel
- Kopi av eventuelle innkomne merknader og søker sine kommentarar til desse

Forslagsstilla sender søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess til [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no), eller Herøy kommune, Rådhusgata 5, 6090 Fosnavåg.

Kommunen vurderer om omsøkt endring kan handsamast ved forenkla prosess. Rundskriv [H-6/17](#) er rettleiande i denne vurderinga. Etter at kommunen har mottatt søknaden vil den vurdere om og kven av sektormynde vedtaket gjeld for og sende saka til uttale før det vert gjort vedtak i saka.